

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2017-0243	<b>Søknadsår</b>	2018	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017			
<b>Prosjektnavn</b>	Utvikling av GreEnt			

### Kort beskrivelse

Vi søker om 500000,- i 2018 / 2019 til vidareutvikling av det internasjonale GreEnt prosjektet. Prosjektet vil forsøke å finne løysingar på sentrale europeiske utfordringar knytt til «Det grøne skiftet» og utvikling av eit grønt tankesett for framtidige generasjonar av EU/EØS entreprenørar. Prosjektet ser behovet for å omforma dagens økonomi til ein grønare økonomi, og å utvikle ferdigheiter som trengs for å utvikle både grøne jobbar og entreprenørskap.

### Prosjektbeskrivelse

GreEnt prosjektet er eit omfattande internasjonalt prosjekt som er finansiert av Erasmus+. 5 deltarland har over 2 år utvikla det pedagogiske innhaldet i prosjektet, der UE Sogn og Fjordane har vore den norske partnaren. Målet er å få ei spreiing av det pedagogiske innhaldet som består av ein eigen læreplan samt 36 leksjonar som direkte kan takast i bruk i undervisninga i ulike fag samt undervisning i entreprenørskap. Målgruppene for spreiing av prosjektet er samlede fylker i Noreg samt Europa og andre delar av verden. UE Sogn og Fjordane har ansvar for spreiing av GreEnt i Noreg og har medansvar saman med dei andre delatarlanda i høve til spreiing i Europa og ellers i verden.

Vidareutvikling av Greent prosjektet vil i fyrste omgang vere å tilpasse innhaldet i prosjektet til eksisterande læreplanar samt læringsstrategiar som angitt i Meld. St. 28(2015-2016) der entreprenørskap og innovasjon er eit sentralt kompetansområde. Bærekraft er angitt i stortingsmeldinga som ein av tre prioriterte tverrfaglege emner.

- For å kunne gjere dette er det trond for eit tett og forpliktande utviklingsorientert samarbeid mellom skuleeigar og lærarar i utvalde kommunar/ vidaregåande skular og lokale bedrifter og organisasjonar med eit grønt fokus.
- Lærarar på desse skulanane må gå inn i leksjonane i Del 1 og Del 2 med tanke på tilpassing til eigen skule med eigne satsingsområder. Dei må vidare syte for den raude tråden mellom grunn- og vidaregåande skule. Vidare er det naturleg å vurdere om nokre leksjonar skal vere obligatorisk og på kva årssteg desse leksjonane eventuelt skal ligge.
- I denne fasen er det naturleg å implementere lokale miljøprofilar/ bedrifter i programmet og avklare samarbeid med desse. Det same vil gjelde organisasjonar som Naturvernforbundet og Natur og Ungdom. Pr. i dag har vi munnlege samarbeidsavtalar med Ervik havfiske og Fiskeridirektoratet gjennom prosjektet Clean Nordic Oceans (<http://cnogear.org/>). I tillegg har vi allereie eit samarbeid med Matnavet på Mære om klimavenlege løysingar innan landbruket (<https://matnavet.no/>)
- Vidare vil det vere naturleg å implementere utvalde Greent leksjonar i bedriftsprogramma til Ugt Entreprenørskap : elevbedrift, ungdomsbedrift, studentbedrift.

- Greent materiellet blir gjort tilgjengeleg på ei eiga nettside ([www.greent.no](http://www.greent.no)) Lærarar i til dømes naturfag og samfunnsfag kan då på ein enkel måte hente ut leksjonar som kan nyttast direkte inn i undervisninga.
- Greent materiellet kan også nyttast som fagleg bakgrunn og oppdrag for spennande innovasjonscampar.
- Trong for opplæring/kursing vil og vere viktig i denne fasen av arbeidet med Greent.
- Mot slutten av utviklingsperioden vil vi legge til rette for ein erfearings- og vidareføringskonferanse. Her vil involverte representantar frå dei utvalde kommunane og samarbeidspartar møtast og dele erfaringar og tankar om det vidare arbeid.

I tillegg har Voss folkehøgskule ved rektor Claus Røynesdal sagt seg interessert i å implementere delar av Greent i undervisninga.

UE Norge vil i samarbeid med UE Sogn og Fjordane bidra til spreiing av Greent materiellet til alle UE fylkesorganisasjonar i Noreg.

UE Sogn og Fjordane har inndeia eit samarbeid med Aspen School district i Colorado, USA. Dette med tanke på implementering av Greent i det amerikanske skulesystemet. Dei svært positive til dette.

UE Sogn og Fjordane vil fortsatt ha ein tett dialog med dei 4 andre deltakarlanda Hellas, Latvia, Bulgaria og Romania i prosessen med å spreie Greent prosjektet. I denne dialogen vil vi utvikle felles strategiar for spreiing og ha fokus på erfearingsutveksling saman med dei andre landa.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane Org.nr:985984344	Strandgata 15 6901 FLORØ	95817898
Kontakt- person	Holger Aasen	Strandgata 15 6901 FLORØ	95817898
Prosjekt- leder	Holger Aasen	Strandgata 15 6901 FLORØ	95817898

### Mottatt offentlig støtte tidligere:

Ja  
Kr. 50000,- frå Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom ein 2- årig samarbeidavtale.

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Bakgrunnen for projektet er at Greent leksjonane no er ferdig utvikla og at vi ynskjer ei spreiing av det pedagogiske innhaldet og materiellet i Sogn og Fjordane og resten av landet.

### Prosjektmål

\* Vidareutvikle innhaldet i Greent prosjektet.

\* Tilpassa innhaldet til Ungt Entreprenørskap sine bedriftsprogram.

- \* Få fram fleire grøne elev- ungdoms- og studentbedrifter i fylket.
- \* Bygg nettverk mellom skule-, bedrifts- og organisasjonsliv i fylket med tema grønt entreprenørskap som hovudfokus
- \* Spreiing av Greent materiellet i fylket, nasjonalt og internasjonalt
- \* Oppretthalde samarbeidet med dei 4 andre deltarlanda i prosjektet

### **Forankring**

Planprogram Regional plan for klimaomstilling( Sogn og Fjordane Fylkeskommune)

#### 4.3.7. Klimakunnskap og klimakommunikasjon

Utfordring: Korleis på best mogeleg vis, bidra, og legge til rette for utdanning av ein ny nullutsleppsgenerasjon, samstundes som ein aukar kunnskapen i den vaksne generasjonen?

Kva:

- Gjere greie for eksisterande studieprogram og klimarelaterte undervisingstilbod som eksisterer i fylket.
- Gjere greie for kunnskapsnivået blant dagens lærarar når det gjeld klima og miljø.
- Gjere greier for korleis fylkeskommunen kommuniserer ut til innbyggjarane, på klimarelatert arbeid og saker.
- Gjere greie for fylkeskommunen sin klimaprofil ut mot innbyggjarane i dag.

Verdiskapingsplanen 2014-2025( Sogn og Fjordane Fylkeskommune)

### Entreprenørskap:

Elevane i Sogn og Fjordane kan syne til skuleresultat i landstoppen. Entreprenørskapsarbeidet i skulen (elevbedrifter i grunnskulen og ungdomsbedrifter i vidaregående skule) vert vurdert som vellukka. Likevel er viljen til å etablere nye bedrifter låg. Sogn og Fjordane er det dårlegaste fylket i landet når det gjeld tal nyetablerte verksemder.

Det er stor trøng for etablering av nye verksemder i Sogn og Fjordane.

**Samfunnsansvar:**

Samfunnsansvar har vorte eit viktigare element i strategien til bedrifter. Samfunnsansvar er når bedriften har eit systematisk tilhøve til omgjevnadene. Dette handlar om eigne tilsette og andre menneske, til dømes hos underleverandørar eller i lokalsamfunnet. Samfunnsansvar handlar om klima og miljø, og om god forretningskikk. Sogn og Fjordane kan ta mål av seg til å bli ein føregangsregion innan arbeid med samfunnsansvar. Det vil bli arbeida med kriterium for samfunnsansvar og berekraft. Viktig innhald slik omgrep er definert i stortingsmelding nr. 10 (2008-2009):

**NY Stortingsmelding ( 28)**

Departementet ønsker prioritere følgende temaer i fagfornyelsen: folkehelse og livsmestring, demokrati og medborgerskap samt bærekraftig utvikling.

Omsett frå verdiskapingsplanen i engelsk versjon, s. 4-5:

[https://issuu.com/designgasta/docs/verdiskapingsplanen\\_brosjyre\\_issuu](https://issuu.com/designgasta/docs/verdiskapingsplanen_brosjyre_issuu)

Fylkestinget har definert følgande utfordringar av tyding for Sogn og Fjordane:

- Globalisering og sentralisering
- Migrasjon og inkluderande samfunn
- Kvinner, utdanning og arbeidsmarknaden
- Verdiskaping og utvikling av et kunnskapssamfunn
- Klimaendringar

For arbeidet med verdiskaping vil det seie:

- Økt vekt på internasjonalisering
- Økt vekt på utdanning og forsking
- Industriell modernisering og grøn vekst
- Vekst i kunnskapsintensive og kreative næringar

Strategi:

- Innovasjon basert på våre naturgitte fortrinn
- Å vere attraktive for unge som ønsker å starte bedrift

- Legge til rette for utvikling av ekspertise basert på tradisjonar, handel, yrke og akademisk kunnskap

### **Prosjektorganisering**

Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane vil ha ansvar for organisering av prosjektet.

### **Samarbeidspartnere**

Grunn- og vidaregåande skular i fylket

Skuleeigar i samarbeidskommunar / fylkeskommunen

Lokalt arbeids- og næringsliv

Relevante organisasjoner knytta til miljø, bærekraft og fornybar energi

Ungt Entreprenørskap Norge

Fiskridirektoratet

Matnavet på Mære

Ervik Havfiske

Aspen School District

Junior Achievement organisasjonane i Bulgaria, Romania, Hellas og Latvia

Junior Achievement Denver

### **Aktiviteter**

Innovasjonscampar

Tilpasning til Ungt Entreprenørskap sine bedriftsprogram

Utvikling og tilpasning av Greent materiellet til undervisningsopplegg i ulike fag

Tilrettelegging for utvikling av grønne elev-, ungdoms- og studentbedrifter

Nettverksbygging lokalt, nasjonalt og internasjonalt

Initiere lokale nettverk mellom lokalt arbeids- /næringsliv og utdanningsinstitusjonar

Oppretthalde samarbeidet med dei internasjonale aktørane

### **Målgrupper**

Elevar og lærarar i grunnskule og vidaregåande skule

Lokalt- og nasjonalt arbeids-, nærings- og organisasjonsliv

### **Resultat**

Gjere elevar og lærarar meir bevisste på grøne forretningsmuligheter

Etablere fleire elev-, ungdoms- og studentbedrifter med grønne forretningsidéar

At etablerte elev-, ungdoms- og studentbedrifter har fokus på miljø, bærekraft og fornybar energi

### **Effekter**

Auka etableringsrate av bedrifter med grøne forretningsidéar

Når det blir auka fokus på grønt entreprenørskap i utdanningssystemet vil det kunne ha effektar for etablert næringsliv i fylket.

## **Tids- og kostnadsplan**

### **Tidsplan**

Halvårlege møter med samarbeidsaktørar der resultat og måloppnåing vert presentert og drøfta.

### **Kostnadsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>SUM</b>
Totalkostnad	250 000	250 000				500 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>250 000</b>	<b>250 000</b>				<b>500 000</b>

Sjå vedlagt budsjett

### **Finansieringsplan**

<b>Tittel</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>SUM</b>
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2017	250 000	250 000				500 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>250 000</b>	<b>250 000</b>				<b>500 000</b>

Sjå vedlagt budsjett

## **Geografi**

1400-Sogn og Fjordane

## **Vedleggsliste**

<b>Dokumentnavn</b>	<b>Filstørrelse</b>	<b>Dato</b>
02 Dette er Greent.docx	856 657	06.10.2017
04 Vegen vidare.docx	70 537	06.10.2017
05 Samarbeid UE SognFJ og Aspen School district (1).docx	17 829	06.10.2017
06 JA Norway Partnership Letter.docx	116 708	06.10.2017
07 Samarbeid UE Norge.pdf	448 789	06.10.2017
09 Avtale med Storebrand.docx	68 820	06.10.2017
Budsjett Greent 2018-2019.xlsx	10 345	06.10.2017